

Rovviltnemda i region 6

Molde 28.02.23

Innspel revidering av forvaltningsplan for rovvilt i rovviltregion 6 Midt – Noreg

Beitenæringa i Møre og Romsdal er viktig for levande bygde og hald av kulturlandskapet, dette landskapet har ikkje laga seg sjølv. Dette har vært finpussa og stelt i generasjonar, her er balansen hårfin når vi har for mykje rovvilt i utmarka. Dette fører til at beitedyra taper retten til beite ovanfor rovviltet, dette ser vi år på år at det leggst ned bruk som har vært skadelidande av rovvilt. Her må det settast inn tiltak for og redusere skadane så vi kan ha levande bygde framover og.

- Endre forvaltningsområde for jerv i Møre og Romsdal austover, trekke grensa på fjellovergangar og ikkje i dalbotnar. Då legg ein alle driftseiningane utanfor forvaltningsområda for jerv.
- Dersom en ikkje får flytta forvaltningsområdet for jerv bør en vurdere å legge forvaltningsområde for jerv i Møre og Romsdal sammen med region 3.
- Endre forvaltningsmålet for jerv frå 3 til 2 årlege ynglingar.
- SNO må inn og ta ut dyr når det vert gitt skadefelling, dette må gå automatikk i for og få tatt ut skadegjerande rovvilt på ein effektiv måte!
- Inn med betre teljingssystem for gauper, slik prosjektet på Nordmøre viser til, meir tettheit på gauper enn slik gamlemåten og telle på viste.
- Kvotefordelingen på gaupe må stå i forhold til den økende gaupebestanden.
- SNO bør inn å ta ut dyr som det er gitt lissensfelling på når det viser seg at kvoten ikkje blir fylt og det bør gjøres før jakta avsluttes 15.feb.
- Ørnebestanden er voksende og bør inn og forvaltes aktivt.

Ein treng ikkje utvide forvaltningsområde for jerv og gaupe, dei bør heller bli redusert i størrelse, rovvilta går dit maten finnast uavhengig av grenser eller ikkje. Ein må auke kvotene for og kunne nå bestandsmålet som er satt, dette har vist seg og vere svært vanskeleg og få til.

Med vennlig hilsen

Møre og Romsdal sau og geit